



STILLE STUNDER

FOR HEIMEN OG SKULEN OG KYRKJA

NR. 3

JUNI 2024

135. ÅRG.



SOMMAR I FJELLET

Foto: Hanne Marie Molde

Tema: Bibel 2024

Nynorskstilisten deler

Interessante bygningar

Slottet – kongebustaden

Nytt sidan sist

Helsing frå dei nye
redaktørane



I far sine fotefar: Hanne Marie Molde har vandra timevis i fotspora til faren Ivar. No skal ho og mannen føra bladet Stille Stunder vidare.
Foto: Hanne Marie Molde.

Nye redaktørar i Stille Stunder

Av Knut O. Dale, leiar i Foreininga Stille Stunder

Same dagen som redaktør Ivar Molde vart gravlagd, var så godt som heile styret samla til eit omframt styremøte. Med på møtet var og forretningsføraren for Stille Stunder Rolf-Atle Rolfsnes.

Me var opprådde med tanke på kven som kunne ta over det redaksjonelle ansvaret for utgjevinga av bladet. Namn vart nemnde, men ingen vart spurde.

Likevel: Me måtte koma i kontakt med etterkomarane til Ivar mellom anna for å få tilgang på filer og faste artikkelskrivarar.

I samtalene med dotter til Ivar, Hanne Marie Molde, spurde eg om ho kunne tenkja seg å overta som redaktør.

Ho avviste ikkje spørsmålet, men sa at ho måtte tenkja seg om. Hanne Marie sa at ho hadde stor sans for bladet og at ho hadde stor respekt for det arbeidet faren hadde lagt ned for Stille Stunder. Men, sa ho: Eg vil rådføra meg med farbror og syster før eg gjev eit endeleg svar.

Styret gav så grønt ljos for å tilsetja Hanne Marie Molde som ny redaktør. Og etter kort tid fekk

me positiv tilbakemelding: Ho og mannen Trond Ivar Bækken sa seg villige til å ta på seg ansvaret for utgjevinga av bladet.

På det ordinære styremøtet i Foreininga Stille Stunder 15. april vart dei nye redaktørane formelt tilsette. På det styremøtet deltok også Hanne Marie.

Styret er svært glade for at Hanne Marie Molde og Trond Ivar Bækken vil føra utgjevinga av Stille Stunder vidare.

Me er særskilt takksame for at dei har sagt ja til ei slik teneste. Gud signe dei i dette arbeidet!

Helsing frå dei nye redaktørane!

Av Hanne Marie Molde og Trond Ivar Bækken

I desse dagar er det akkurat 20 år sidan faren min, Ivar Molde, sende det aller første nummeret sitt av Stille Stunder i trykken. Då han vart redaktør etter Alfred Hamre i 2004, tok han stolt på seg ansvaret for å vidareføra ein arv med røter attende til 1889. Stille Stunder var med på å kristna nynorsken, vert det sagt, og mange av dei mest kjende nynorske salmane stod første gong på trykk her. I dag er Stille Stunder det nest eldste nynorske bladet i landet etter Norsk Barneblad, og tingartalet er om lag seksdobla sidan den junidagen lesarane kunne finna ei helsing frå Ivar som ny redaktør på side 3.

No skal eg og mannen min gå i fotefara til faren min. Det har me gjort før: på sti, gjennom skog og over svaberg. Spora finn eg i dei 40 albuma mine. Det overraskar meg å sjå kor mange biletet

eg har av ryggen hans. Pappa som traskar føre meg. Langs sildrande bekkar om våren, opp på fjellet om sommaren, gjennom fargerike skogar om hausten og over kvitkledde vidder om vinteren. Ryggen til pappa. I naturen. Årstid for årstid.

Ivar tok ikkje stor plass, men han fylte mange rom, har Gunvor Sønnesyn sagt om pappa. Og litt slik er òg Stille Stunder for meg. Eit lite blad som tar meg med ut på ei stor vandring. Årstid for årstid. Til næring for tru og tanke. For trøyst og sjelero. Til stille ettertanke. I ei tid der mykje i samfunnet skal gå så raskt, med skjermbruk, kunstig intelligens, polarisering og uro, er Stille Stunder ei motvekt me treng.

For pappa har det vore viktig at Stille Stunder skal opplevast samlande, med noko for mange.

«Stridsspørsmåla, dei styrer me stort sett utanom», sa han, og det er eit mål me også vil strekkja oss etter. Når det gjeld profil og vegval, seier me som forgjengaren vår: Me vil føra bladet vidare, nokolunde som før, men ei og anna endring kan det sjølv sagt bli. Sidan me begge er journalistar, kan det tenkast at det etter kvart kan dukka opp tekstar av nye skribentar og eit intervju i ny og ne. Har du bladmat, som pappa kalla det, eit dikt, salme, foto eller minne du vil dela med oss og lesarane, må du gjerne senda det til oss! Som bondeson frå Innlandet og prestedotter frå Vestlandet ser me fram til å ta fatt på oppgåva med å formidla norsk og kristen kulturarv på nynorsk.

Me takkar bladstyret for tilliten og ynskjer alle gode tingarar ein god sommar!

STILLE STUNDER



Stille Stunder
kjem ut 6 gonger i året.
Bladet kan tingast hjå
Stille Stunder,
ved Rolf-Atle Rolfsnes,
Bakken 2, 5419 Fitjar.
Tlf.: 915 13 024
E-post: post@stille-stunder.com
Nettside: www.stille-stunder.com
Bladet kostar kr 250,- pr år
Bankgiro 7877 05 64653

Bladstyret:	Adjunkt Knut O. Dale, leiar Lærar Borghild Melve, Lektor Torill Markussen Ringheim, Sokneprest Ådne Skiftun.
Redaktørar:	Hanne Marie Molde Trond Ivar Bækken Munkebekken 404, 1061 Oslo Tlf.: 95 27 05 03 E-post: hannemariemolde@hotmail.com
Forretningsførar:	Rolf-Atle Rolfsnes
Utgjevar:	Foreininga Stille Stunder
Trykk:	Sunnhordland, Stord.

Kvifor Bibel 2024?

Av Julian Kirkeby Lysvik

Tidlegare i år kom Bibelselskapet med ein revisjon av Bibel 2011. Men kvifor treng vi å fornye Bibelen alt no? For å svare på det tar vi eit steg tilbake i historia.

I 1978 kom Bibelselskapet med ei heilt ny omsetting av Bibelen. Det var første gong vi fekk ei oppdatering av bibelspråket på norsk sidan bokmålsomsettinga i 1930 og nynorskomsettinga i 1938. Biblane frå 30-talet nytta språkdrakter som alt på den tida vart oppfatta som litt gamalmodige. For mange var det derfor naturleg at ein trøng å oppdatere bibelspråket.

Men bibelspråk er vanskeleg, for det er sterke kjensler knytt til det. Omsettingane frå 1930 og 1938 hadde vore Bibelen for nordmenn i nesten to generasjoner, og folk hadde lese dei, jobba med dei og lært seg tekstane utanåt. Då det kom ei ny omsetting etter 50 år, var det klart at endringane vart store og kontroversielle. Mange kjende at Bibelselskapet «tukla» med eit språk som var viktig for dei, og vi fekk tilbakemeldingar frå lesarar og familiøy som reagerte på språklege val vi hadde gjort. Slik kritikk og tilbakemeldingar er viktig for oss og gjer bibelomsettingane våre endå betre.



Målet med den nye bibelomsettinga er at ho endå tydlegare skal formidle orda til Gud på eit tilgjengeleg, levande og talande norsk språk. Foto: Hinda Fahre

I 1999 byrja arbeidet med ein ny revisjon av Bibelen for å halde språket oppdatert. Då det arbeidet starta, skjønte ein fort at dette kom til å bli ei ny omsetting, og ikkje berre ein revisjon av teksta frå 1978. I 2005 kom den nye omsettinga av Det nye testamentet, mens heile Bibelen kom i 2011. Denne gongen var vi nok meir førebudde på at det ville kome reaksjonar på omsettinga. Og det har det sjølv sagt gjort.

Alt i 2005 byrja arbeidet med å samle respons frå fagfolk, prestar, lekfolk og lesarar på den nye omsettinga. I 2019 bestemte Bibelselskapet seg for å sette ned

ein komité med bibelfaglege forskrarar og forfattarar til å leie prosessen med å gå igjennom all tilbakemelding. Det har vore eit stort og spennande arbeid over tre år. Det vart tidleg klart at vi måtte avgrense kor mykje ein kunne ta, og revisjonsarbeidet har i hovudsak handla om Det nye testamentet. Likevel er det berre ein brøkdel av det arbeidet som ligg bak ei ny omsetting, som viser noko av kva som krevst for å omsette Bibelen.

I Bibel 2024 finn vi eit større steg mot språket og bileta i kjeldetekstene. Der vi før omsette same greske ord ulikt ut ifrå kontekst,

har vi no enda meir halde på same omsetting av eit ord. Til dømes det greske ordet *sarks* som vi før omsette som «menneske» eller «den vonde natur» ut ifrå konteksten, har vi no vore meir konsekvente på å velje «kjøt» som omsetting. Derfor kan vi i Bibel 2024 no lese at «Ordet vart kjøt» kor det før stod «Ordet vart menneske» i Johannesprologen. Slike og fleire andre grep har gitt oss ein meir finslipt tekst og eit meir gjennomarbeida uttrykk. Vi ønsker at omsettinga vår endå tydlegare skal formidle orda til Gud på eit tilgjengelig, levande og talande norsk språk!

Julian Kirkeby Lysvik er seniorrådgivar for bibelomsetting i Det Norske Bibelselskap. Han kjem frå Kvæfjord i Troms og har doktorgrad i lingvistikk med fokus på fonologi og fonetikk fra Universitetet i Oslo.





Foto: Benjamin Høyland



Bibelspråket er på same tid konservativt og nyskapande, skriv Margunn Rauset.

Bibel 2024 frå eit nynorskperspektiv

Å vere nynorskstilist for Bibel 2024 er noko av det fagleg mest komplekse og gjevande eg har vore med på. I denne teksten vil eg ta dykk med inn i kulissane og reflektere litt rundt arbeidet.

Av Margunn Rauset

På same måte som eg som ord-bokredaktør stadig møter folk som aldri har tenkt over at nokon faktisk lagar desse ordbøkene, dei berre eksisterer som noko sjølvsagt, har eg sjølv aldri reflektert særleg over det store apparatet som står bak ei bibel-

utgjeving. Då eg blei spurta om å vere medlem i omsetjingsutvalet for Bibel 2024 for fem år sidan, hadde Bibelselskapet samla alle former for tilbakemeldingar på bibelomsetjinga frå 2011, både direktemeldingar frå den gjengse bibellesar, trussamfunn og fors-

Framhald neste side...

karar, medieklipp, forskingspublikasjonar og anna. Prosessen med den nye utgåva starta med at vi i omsetjingsutvalet gjekk gjennom desse tilbakemeldingane og prioriterte kva som måtte, kunne og ikkje burde gjerast noko med i ein revisjon.

Mellom spørsmåla ein valde å greie ut er om den som trur på Jesus, ifølgje Joh 3,16 ikkje skal *gå fortapt*, eller skal hen ikkje *gå til grunne*? Den norske *fortapinga* kan sporast tilbake til den tyske bibelomsetjinga til Martin Luther, og ho kom inn i norsk via dansk. Ordet *fortapt* har fått ei heilt bestemt theologisk tyding, jamfør tyding 2 av *fortapa* i Norsk Ordbok: «perfektum partisipp *fortapt*, religiøst: som har gått til grunne religiøst eller moralisk; som har mist (retten til) det ævelige livet; fordømd». Dette har lite med daglegdagse hendingar og gjeremål knytt til det greske verbet i kjeldeteksten. Etter nokre sjokkprega avisoverskrifter av typen «Fortapinga ute av 'Den vesle Bibelen' i ny omsetjing», blei løysinga i Bibel 2024 til slutt «så kvar den som trur på han, ikkje skal *gå tapt*, men ha evig liv».

Nokre døme på gjennomgåande omsetjingsval er om det greske ordet *doulos* skal omsetjast med 'tenar' eller 'slave'. Omtalte Paulus seg sjølv som «Kristi Jesu tenar» eller «Kristi Jesu slave» i Rom 1,1? Det greske ordet *sark* 'kjøt', som Julian Kirkeby Lysvik skriv om i Kvifor Bibel 2024? i ein annan tekstdifetimebladet, erei utfordring

for alle bibelomsetjarar. I norske omsetjingar har dette gjennom tidene mellom anna blitt løyst både med 'kjøt(t)', 'kjøt(t) og blod', det danske lånordet 'kjød' (i bokmål), 'lekam/legeme' og 'menneske'. Det greske ordet *Christos* er ein tittel, ikkje eit namn, men er det best å gje dette att med 'Kristus', 'Messias' eller 'Den salva'?

”

Å omsetje heilage tekstar
er noko heilt spesielt,
der det kviler eit særeige
alvor over vala ein tek.

Sjølv kan eg ikkje skilte med eit einaste studiepoeng i teologi, og eg kan verken gresk eller hebraisk, så det er ikkje sjølvsagt at eg har noko å bidra med i omsetjingsutvalet og desse diskusjonane. Likevel vil eg hevde at noko av styrken i metodikken Bibelskapet har nyttå både i 2011 og 2024, ligg i at dei har sett saman lag med både bibelfagleg og norskfagleg kompetanse, som forfattarar og skjønnlitterære omsetjarar. Eit høgst kompetent revisjonsteam, som i arbeidet med Bibel 2024 bestod av Jorunn Økland, Gunnar Magnus Eidsvåg, Vidar Kristensen og Brynjulf Jung Tjønn, arbeidde med kjeldetekstane og utforma omsetjingar til målspråka bokmål og nynorsk. Desse gjekk vidare til kvalitetssikring i eit omsetjingsutval som balanserer kompetanse på dei bibelske kjelde-

språka, GT og NT, bokmål og nynorsk – og har ei viss spreiing i alder. Når medlemmane bryner omsetjarerfaring til bokmål og nynorsk med spisskompetanse på språka tekstane blei skrivne på, faktakunnskap om samfunna dei oppstod i, tolkingshistoria til tekstane og korleis ordval i eitt vers forheld seg til andre vers og bøker, oppstår det mange og gjevande diskusjonar. Rolla mi var å vere nynorskstilist i utvalet, og saman med bokmåsstilisten hadde eg eit særskilt ansvar for å sikre at all kunnskapen om orda i kjeldetekstane blei ivaretaken i ei omsetjing som kommuniserer med norske språkbrukarar i dag.

Med den rolla bibeltekstane spelar for einskildmenneske og samfunn, ser det ut til å vere eit rådande ønske at bibelspråket skal vere gjennomgåande vakkert og gjerne litt opphøgd, og for ein del betyr det ei forventning om språkleg konservative eller tradisjonelle former. Like lite som Jesus skreiv riksmaål, har han skrive a-infinitiv, men i nynorske bibelomsetjingar har det stått fjellstøtt at infinitivsformene skal slutte på a og innehalde j der det er valfritt (t.d. *byggja* og ikkje *bygga*). For nynorsken sin del har det ikkje vore endringar i stilnivå og generell ordlegging i Bibel 2024, dei aller fleste endringane er gjennomførte både i bokmål og nynorsk og er motiverte av (ny)tolking av kjeldespråka. Det var forventa at ein del grep i Bibel 2024 kom til å møte motstand. Ikke alle endringane kjem til å

gli saumlaust inn i språket frå dag ein, men slik er det alltid med språklege endringar. Bibelspråket er på same tid konservativt og nyskapande.

For å illustrere dette, skal eg å gå litt djupare inn på eit val som ved første møte kanskje kan stri mot språkkjensla. At Bibel 2024 innfører *slave* der det mange stader tidlegare stod *tenar* og dessutan legg vekt på eit meir kjønnsinkluderande språk, er ikkje eit uttrykk for at Bibelselskapet har blitt akutt politisk korrekt eller *woke* (eit heiders- eller skjellsord nyttta om folk med sterkt medvitet om rasisme og annan urett i samfunnet). Igjen handlar det om å ta utgangspunkt i den mest oppdaterte faglege kunnskapen som finst om kjeldetekstane og samtida til Bibelen. For vanlege norske språkbrukarar og bibellesarar er det truleg ikkje opplagt at den tilsynelatande greie oppgåva med å erstatta eitt gresk ord, *doulos*, med ei norsk glose med same innhald, opnar for eit rikt og meiningstungt etisk, teologisk, historisk og språkleg kompleks der det er mange omsyn å ta. Ein kan ikkje løyse ein kompleks omsetjingsproblematikk ved å plukke ut eitt aspekt og insistere på at det skal vere avgjerande, då gjer ein det for enkelt. Det gjeld i all type omsetjing, men å omsetje heilage tekstar er noko heilt spesielt, der det kviler eit særegne alvor over vala ein tek. Omsetjing er å velje, og til sjuande og sist skal det stå noko der på norsk,

”

Like lite som Jesus skreiv riksmål, har han skrive a-infinitiv, men i nynorske bibelomsetjingar har det stått fjellstøtt at infinitivsformene skal slutte på a og innehalde j der det er valfritt.

enten ein konsekvent vel eitt ord eller går for fleire løysingar, avhengig av kontekst.

Ut frå reaksjonane på spørsmålet om 'tenar' eller 'slave' som omsetjing av *doulos*, ser det særleg ut til at det er eitt aspekt ved nemninga *slave* som vekkjer motstand, nemleg det som gjeld menneskets frie vilje, særleg overfor Gud. Bibelselskapet har mellom anna blitt skulda for å gjere Gud til *slavedrivar*, og det er tydeleg at mange assosierer *slave* med det amerikanske institusjonaliserte slaveriet. Omsetjingsutvalet har i mange rundar hatt utforskande og grundige drøftingar om dei ulike semantiske aspekta ved både *doulos* og omsetjingsalternativa 'slave' og 'tenar'; både bokstaveleg og metaforisk bruk på kjelde- og målspråk har blitt kritisk gjennomgått. Slavane i Bibelen har svært mange roller og ulik status, og høgtståande slavar hadde i dette samfunnet sjølv slavar under seg. Slavemetaforane i Bibelen uttrykkjer både negative og positive relasjonar, og om nokon seier at dei er ein annans slave, kan det uttrykkje at hen ser

på vedkommande som herren sin. Som tidlegare nemnt skulle bokmåsstilisten og eg ha eit særleg blikk på målspråkløysningane, og vi gjekk sjølv ein lang veg frå det første møtet med problemstillinga, til vi i dag fullt stiller oss bak løysinga der *tenar* i 2011-omsetjinga har blitt erstatta av *slave* i den nye. Paulus omtalar seg forresten enn så lenge som «Kristi Jesu tenar» i brevingresane i dei norske omsetjingane.

Slike val får konsekvensar for kven vi oppfattar at Jesus snakka til, og kven som er omfatta av det han lærte dei. Tida vil vise kor lenge løysingane i Bibel 2024 kjem til å stå seg. Det einaste som er sikkert, er at framtidige bibelomsetjarar må sine finne løysingar på kjøt og slavar og alle dei andre krevjande orda, ut frå korleis det norske språket ser ut då.

Margunn Rauset kjem frå Sandane i Gloppen kommune og er leksikograf, leiar for ordbokmiljøet ved Universitetet i Bergen og redaktør for Nynorsk ordliste (2012) og revisjonen av Bokmåls- og Nynorskordboka. Ho er medlem i omsetjingsutvalet til Bibelselskapet.

Bibelavskrift

Av Øyvind Haarr

For fleire år sidan, tidleg på 1990-talet, hugsar eg at det var ein spesiell aksjon i kyrkja. Me kunne vera med på å skriva av eit avtalt bibelavsnitt og skulle betala 30 kroner. Det heile var for å samla inn pengar til Bibelmisjonen. Det Norske Bibelselskap ville samtidig ha ein handskriven Bibel som det norske folk hadde skrive. Så der fekk mange, saman med meg, si eiga handskrift.

I den skrivekøen fekk eg tildelt fleire vers frå 2. Mos. 23. Og der står det i vers 23: «*For engelen min skal gå føre deg og føra deg.*» Dette blei spesielt for meg. No er det ikkje alltid berre greitt å plukka ut eit enkelt bibelvers, eller ein del av eit vers, og lesa og ta det ut or samanhengen. Slik «mannakornlesing» kan vera så som så og noko tilfeldig. Men det er noko med dette ordet. Det er ei djup bibelsk sanning i det. Det seier noko viktig om Gud til meg. Og det er eg takksam for. Samanhengen det står i er dette: Etter at Moses hadde fått dei ti boda på Sinai og gitt lova og Paktsboka med lover og reglar for eit godt liv til Israelsfolket, så seier Gud til han, i vers 20 står det:

«*Sjå eg sender min engel framføre deg! Han skal vakta deg på vegen og føra deg til den staden som eg har sett ut. Gjev akt på han og hør på det han seier. Set deg*



ikkje opp mot han, Han vil ikkje tola brota dykkar; for namnet mitt er i han. Men høyrer du på det han seier og gjer alt det eg byd deg. — då «skal engelen min gå føre deg og føra deg.»

Namnet mitt er i han, står det og. Engelen kjem i staden for Gud. Engelen er Guds representant og sendebod som utfører Guds vilje, for at folket skal førast etter Guds plan. Gud openberrar seg, viser seg ved engelen sin, les me stundom i Bibelen. Engelen er Guds tenar og bodberar. Han kjem med rettleiing, omsorg, visdom og kraft, Han kjem med ei konkret melding. Engelen i GT peikar ofte fram mot Jesus. «*Engelen skal gå føre deg og føra deg.*» Dette ordparet inneheld mykje visdom!

Gå føre - finna vegen. Føra - leia på rett veg.

Når eg les og arbeider med bibelord som dette, då arbeider bibelordet med meg! Og då får eg ta ordet til meg, og avsnittet blir personleg, så rett til meg. Gud har omsorg for meg òg. Han vil meg vel. Eg får kvila i det at «Guds engel skal gå føre meg og føra meg.» I tillit til bibelordet kjenner eg meg trygg. Og då må eg innom både Profetane, Salmane og Nye testamentet og kjem etter kvart til Jesus som går saman med meg i kvardagen.

I Jesaja 12,vers 2-3 les me: «*Sjå, Gud er mi frelse, eg er trygg og ottast ikkje. For Herren er mi kraft og min styrke, og han vart mi bering. Med fagnad skal de ausa vatn or frelseskjeldene.*»

I Jesaja 41, vers10 står det: «*Ver ikkje redd, for eg er med deg! Sjå deg ikkje rådvill ikring, for eg er din Gud! Eg styrkjer deg og hjelper deg og held deg oppe med mi frelsarhand.*» I Salme 50, vers 15 står det: «*Kall på meg den dag du er i naud, så vil eg fria deg ut, og du skal prisa meg.*» Jesus seier i Matt. 11, vers 28 : «*Kom til meg alle de som slit og har tungt å bera; eg vil gje dykk kvile.*» -«*Og sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står.*»

Øyvind Haarr kjem frå Evje i Setesdalalen og har vore lærar på Framnes i Norheimsund i 30 år.

No livnar det i lundar

No livnar det i lundar,
no lauvast det i li,
den heile skapning stundar
no fram til sumars tid.

Det er vel fagre stunder
når våren kjem her nord
og atter som eit under
nytt liv av daude gror.

Du vår med ljose dagar,
med lengting, liv og song,
du spår at Gud oss lagar
ein betre vår ein gong,

då me med vigsla tunge,
med kjærleik heil og klår,
alt utan brest og sprunge
skal lova Herren vår!

Tekst: Elias Blix
Melodi: Ludvig M. Lindeman 1865
Norsk Salmebok 2013, nr. 844

Elias Blix si salme passar godt denne tida på året når sommaren står for dør. Godt passar den også opp mot hovudtema i denne utgåva, den nye Bibelen. Blix var nemleg med i arbeidet med å omsetje Bibelen til nynorsk på slutten av 1800-talet.



Foto: Marianne Bækken Christiansen

Våren

Tekst: Aasmund Olavsson Vinje

Enno ein Gong fekk eg Vetren at sjå for Våren at røma;
Heggen med Tre som der Blomar var på eg atter såg bløma.
Enno ein Gong fekk eg Isen at sjå frå Landet at fljota,
Snjoen at bråna, og Fossen i Å at fyssa og brjota.
Graset det grøne eg enno ein Gong fekk skoda med Blomar;
enno eg høyrd at Vårfuglen song mot Sol og mot Sumar.



Den norske staten er eigar av den vakre slottsbygningen i Noreg. Foto: Liv Osmundsen/Det kongelege hoff

Interessante bygningar **Slottet – kongebustaden**

Av Bjørn Fareth

Slottet i Oslo er både bustad og arbeidsplass for den norske kongefamilien. Det er eit symbol på det norske demokratiet, men ikkje alle kjenner historia til bygget.

Slottet vårt er ikkje så veldig gamalt om ein samanliknar det med andre historiske bygningar. Til samanlikning er Akershus slott og festning, som også ligg sentralt i hovudstaden, om lag 550 år eldre. Det stod ferdig i år 1300. Slottet i Oslo skulle vere bustad for kong Carl Johan (1763-1844), men stod først

klart fem år etter at han døydde, i 1849.

Paleet

Då Carl Johan tok over som konge i Noreg i 1818, måtte han bruke det såkalla Paleet som kongebustad. Paleet var ein stor murbygning i ein etasje, bygd i midten av 1740-åra. Huset låg ikkje så langt unna det som i dag er Oslo Sentralstasjon. Det var til vanleg residens for den svenske statthaldaren, kongen sin representant i Noreg. Men når kongen kom på besøk frå Sverige, flytta statthaldaren ut og overlét Paleet

til kongen og fylgjet hans. I dag er det borte. Bygget stod heilt fram til 1942, men vart riven etter ein brann i mai det året.

Carl Johan, krigshelt og konge

Carl Johan, som har fått hovudgata i Oslo oppkalla etter seg, var verken norsk eller svensk, men fransk. Fødselsnamnet hans var Jean Baptiste Bernadotte, og han var sakførarson frå byen Pau i det sørvestlege Frankrike. Det var Napoleonskrigane og krigsoppgjaret etterpå som førte Noreg i hendene på svenskane. Noreg var, som lydrike under

Danmark, med på «det tapande laget», og Danmark måtte då gje frå seg Noreg til ein av sigerherrane, Sverige. Det er kanskje ein skjebnens ironi at sjølv om Frankrike tapte under Napoleon-skrigane, var det ein franskmann som enda opp som herskar over dobbeltmonarkiet Noreg-Sverige etter 1814. Men faktum var at Carl Johan, som gjorde politisk karriere og ein periode faktisk var fransk krigsminister, seinare gjekk over til fienden. Sidan svenskekongen, Karl 13. var svært sjuk og barnlaus, valde den svenske Riksdagen i 1810 Carl Johan som tronfylgjar. Snart var han den reelle makthaaren, og han førte Sverige inn i allianse med Russland og Storbritannia mot Frankrike. Som løn og takk fekk han Noreg.

Slottet vert bygd

Det var kong Carl Johan som bestemte at dei skulle byggja eit slott i Christiania, som byen då heitte. Der skulle han bu når han

besøkte Noreg. Ein liten digresjon om bynamnet: Oslo var det gamle namnet på byen, som vart øydelagt i 1624 av ein stor brann. Då byen skulle byggjast opp igjen etter brannen og flyttast nærmare Akershus festning, bestemte kongen, Christian IV, at byen skulle ha namn etter han. Bynamnet Christiania vart ståande i 300 år, heilt til 1924, rett nok skrive med K i staden for C frå 1877.

Det var Kongen som sjølv plukka ut tomta for slottet etter ein ridetur på Bellevue-høgda vest for den dåverande bykjernen. «Her skal slottet stå», sa Carl Johan, og slik vart det. Namnet «Bellevue» tyder vakkert utsyn, og i dag, om lag 200 år etter at grunnsteinen vart lagt ned, vil dei fleste vere einige i at stadvalet kongen gjorde den gongen, var eit godt val. Slottet ligg vakkert til på ein høgde i øvste enden av paradegata Karl Johan i hovudstaden. Ein kan elles merke seg at nasjonalSymbolet vårt, Slottet, vart teikna av ein

danske, Hans Ditlef F. Linstow, og bestemt plassert der det no står, av ein svensk, Carl Johan. Då Noreg endeleg vart eit sjølvstendig kongerike, var det ein dansk prins og ei engelsk prinsesse som flytta inn: Prins Carl, som tok det gamle kongenamnet Håkon og med det vart kong Haakon 7, og den engelske prinsessa som vart dronning Maud.

Krig i landet og ein ny «leigetakar» på slottet

Då krigen kom i 1940, og kongen sa nei til det tyske kravet om å utnemne ei tyskvenleg regjering, måtte både kongefamilien og regjeringsapparatet flykte frå landet. I 1942 fann Vidkun Quisling, leiaren for partiet Nasjonal Samling, det tenleg å bruke bygget som kontor.

I løpet av krigsåra vart bygget sterkt nedslite og til dels tilgrisa og øydelagt. Då kong Haakon kom tilbake frå England i 1945, var han opptatt av å heller gjenreisa Finnmark enn å sette i stand det kongelege slottet. Fyrst etter tronskiftet i 1991, då kong Harald 5. overtok etter kong Olav 5., starta ei omfattande rehabilitering og fornying av kongebustaden. Og den 15. mars 1999, på dagen 150 år etter at Slottet fyrst stod ferdig, kunne kong Harald gå inn i ein nyoppussa kongebustad.

Bjørn Fareth er tidlegare lektor på Voss og gjennom mange år ein allsidig skribent i Stille Stunder. Han har skrive om Håkonshallen, Ulstein kloster og Nidarosdomen i serien Interessante bygningar.



Fugleværiset er eit av dei mest kjende romma på Slottet fordi det ofte er her kongefamilien vert fotografert. Foto: Anders Beer Wilse, 1926

På notatblokka



Kryssordløysing frå sist

Om båten er liten og havet stort,
kan seglasen likevel vere trygg.

Kryssordløysing framover

Ein lesar har sendt oss e-post og takka så varmt for kryssorda våre. Han spør om me kan finna plass til løysinga av heile krysordet, ikkje berre løysingsordet. Takk for konstruktivt forslag, Kjell Ragnar! Det vil me gjera framover. Me trur det er mange som du, som kan ha glede av å sjå ferdig fasit.

Prisen

for abonnement er kr 250,-. Dei

som vil gje ei ekstra gåve, er velkomne til å qjera det.

Neste nummer

kjem i postkassa di i første halvdel av august. Med nye redaktørar er det naturleg at det kan bli ei og anna endring i bladet i tida som kjem. Vi kjem mellom anna til å prøve å ha eit hovudtema i kvar utgåve. I dette bladet handlar mykje om Bibelen. I neste utgåve kjem hovudtema til å vere Verdiåret 2024. Det er nemleg 1000 år sidan innføringa av Kristenretten på Moster og ikkje minst 750 år sidan Magnus Lagabøte

si landslov. Jubilea vert saman kalla for Verdiåret 2024. Gje ein lyd til redaktørane om du vil bidra med innhald som er knytt til dette. Det sagt; Stille Stunder skal ha plass til meir enn eit hovudtema, så hald fram med å sende oss stort og smått: dikt, salmar, gamle minne, historiske tekstar og framsidefoto. Vi ber om å få tilsendt stoff til neste nummer innan 1. juli.

Ein styrkjande, god sommar

vil me få ynskja alle lesarane våre!


BAUTA

Noko vert slengt og kasta
noko vert lagt på bål
anna vert limt i album
noko vert støypt i stål

Enkelte menn blir minna
med namn på ein bygdaveg
andre blir korttidshugsa
for qods dei la att etter seq

Somme får krans og bauta
andre ein avskilssong
eg ville berre minnast
for smilet eq qa deg ein gong

Av Sverre Ottestad. † 18.03.2005.






Foto: Marianne Bækken Christiansen.

God drakt

Pinseandakt av Ivar Molde

Det står fortalt om dei fyrste menneska at Gud kledde dei. Etter syndefallet måtte dei ut or den gode hagen, ut i eit liv merkt av slit og sveitte. Paradiset skulle ikkje lenger vera deira rette element. Men før Gud sende dei ut i livsstriden, kledde han dei – i skinn, endåtil (1. Mos. 3,21). Han gav dei varm og god drakt med på vegen ut. Det kan fortelja oss noko om Guds omtanke, som varer ved.

Dette har Gud seinare halde fram med: Å kle folk og heile sitt skaparverk. Utom vindauga ser eg no fjellsida med snødekke. Det er uendeleg vakkert, ikkje minst når det går grønt i kvitt. No livnar det i lundar. Det er Gud som kled naturen i vår- og sommarskåpa. Så kjem hausten med sine fargar i gult, brunt og raudt. Det er års-tidene som me har fått å leve med, vekslande i venleik, vemod og von.

Det er Gud som gjer naturunder – og me som får ta imot.

«Når Gud såleis kled graset på marka...kor mykje meir skal han ikkje då kle dykk, de lite truande,» seier Meisteren i Bergpreisa (Mat 6,20) som han kledde dei fyrste menneska, som han kled naturen, så oss og. Her er ikkje snakk om kjappe trylleformlar – eller om ei lettvint rømingsrute ut or livskampen. Ikkje om flukt, men om tilflukt, kunne me sia. Det handlar om å få ta imot livet dag for dag or Guds hand, i tillit til at han hjelper, velsignar. Mange har såleis midt i striden fått kjenna styrken i ei hand som er sterkare enn mi eiga.

«For de, så mange som er døypte til Kristus, har ikledd dykk Kristus,» seier Herrens apostel (Gal. 3,27). Dåpsdrakta minner oss om røyndomen i badet som etterføder. Drakta vert lagd av att, det er så.

Men sjølve dåpen er klenad for livet, nok å læra og øva seg på all si levetid – dåpen i sameining med trua (jfr. Luther i Store Katekisme). Det er Gud som deler ut og me som får ta imot.

Gud kledde menneska. Det har han gjort, og det vil han gjera. Og i mi siste stund, når alt mitt eige taper sin glans, ja – då er Jesu rettferd den gode drakta, klenaden som gjer meg «ren og rettferdig, himmelen verdig».

I Ord og Sakrament, i bøn og fellesskap, i kvardag og helg vil Gud kle oss og rusta oss for livet. For tida og for æva.

Denne andakten frå juni 1993 var den første Ivar Molde skreiv i Stille Stunder. Han var redaktør i 20 år før han døydde brått og uventa av hjarteinfarkt i februar 2024. Orda og minna lever vidare.

Gåver til Stille Stunder 2023 (del 3)

Sund Torvald	Levanger	Tjørhom Ingeborg Karoline	Tjørhom	Varpe Arvid	Os	Wollen Synne Johanne	Oslo
Sundby Jan Inge	Beisfjord	Tjøstheim Torgunn	Skudeneshavn	Vartdal Annbjørg og Vebjørn	Geiranger	Waage Nils Peter	Oslo
Sundsay Bjørg	Bergen	Tjøsvoll Haldis	Åkrehamn	Vasbotten Liv Anne	Larvik	Yndestad Steinar B.	Søreidgrend
Sundt Klara	Kristiansand S	Toft Henni Lauenborg	Norheimsund	Vassenden Bjørg	Stamnes	Ødegaard Bjørg Aase	Åmot
Sundvor Turid	Tønsberg	Tollefsen Berit Irene	Vigrestad	Vassenden Lars Audun	Bolstadøyri	Øfsthus Per Olav	Lonevåg
Suphellen Karin	Trondheim	Tolo Lars	Vigra	Vasset Eli Sonja Kolset	Langevåg	Øgreid Anne-Margrete	Stavanger
Surlien Rakel	Oslo	Tomter Geir	Oslo	Vatle Magne	Eidfjord	Øgaard Kristen	Haukeland
Svarstad Einar	Bergen	Tonning Bjørg	Høyanger	Vatne Harald	Nærø	Øiestad Martha	Rådal
Svarstad Hans-Martin	Indre Arna	Topnes Bjørg	Sandnes	Vatne Ragnhild Mary	Ørsta	Øpstad Bente J.	Fusa
Sveen Halvard N.	Haugesund	Toppe Esther og Audun	Jørpeland	Vedøy Aud	Fitjar	Øpstad Samson L.	Fusa
Svelle Sigurd G.	Lillehammer	Torgersen Steinar	Stavanger	Veiteberg Åse	Stord	Øren Aldal Oddveig Olava Mari	
Svenning Anna	Søgne	Torstad Inger-Johanne Traasda	Lesja	Venås Alvhild	Oslo	Batnfjordsøra	
Svigum Herborg	Kaupanger	Torsvik Birger	Rong	Verlo Jorunn Kittang	Vevang	Østebø Nilla	Hebnes
Svaar Bjørg	Skedsmokorset	Tortoise Marie	Surna	Verpe Margit	Vinje	Østhush Esther	Soknedal
Syrstad Arvid	Skaun	Torvik Rønnaug	Bykje	Vestad Olise	Elnesvågen	Østhush Ole Dag	Ølen
Syrstad Inger Tone	Oslo	Totland Trygve S.	Bømlo	Vestbøstad Sissel	Stavanger	Østli Mary	Maura
Sæbø Knut	Tornes i Romsdal	Trydal Helena	Gjerstad	Vestre Kirsti	Syklyven	Øveraas Morten	Vestnes
Sæbø Sissel L.	Oslo	Træland Hakon	Isdalstø	Vestre Øystein	Oslo	Øvrebo Liv Torheim	Solvorn
Sæland Einar	Undheim	Trå Margun Berit	Skulestadmo	Vethe Kjellaug	Voss	Øvretveit Trygve Haugen	Hønefoss
Sæterdal Arild Johan	Rådal	Trå Olav	Voss	Veum Oddvar	Aurland	Øvsthush Hildur Karin	Varaldsøy
Sæther Arnhild	Valderøya	Traaserud Inger	Notodden	Vevatne Liv	Sandnes	Øvre Åshild Bjørgum	Ytterøy
Sæther Helgny	Vigra	Turtum Kristen	Oslo	Velev Agnar	Valestrandfossen	Øyen Kristen	Ås
Sæther Sigrun	Ilsfjorden	Tutturen Gro Elin Vinnes	Ås	Velev Oddmund	Valestrandfossen	Øyen Odd	Stabekk
Sæther Sigvald	Valderøya	Tuv Arne Oddmund	Hemsedal	Velev Øyvind	Lonevåg	Øygard Jakob Vetleskog	Fortun
Sætre Bernhard M.	Tromsø	Tuvin Berit	Herand	Veststad Olav	Gjerstad	Øygarden Halvor	Vinje
Sætre Gjertrud	Hafsfjord	Tveit Inghart Lasse	Skjold	Vidnes Ingebjørg	Sylte	Aaberge Johanna	Sognadal
Sætre Torstein	Mathopen	Tveit Kari & Helge	Eivindvik	Vidsjå Ingeborg Smøby	Porsgrunn	Aabrekke Arild	Olden
Sævereid Sverre	Stjørdal	Tveit Pär Sveinung	Oslo	Vigre Aud Ingeborg G.	Nærø	Aabrekke Jenny Torheim	Olden
Sødal Per Ivar	Brekkebygd	Tveiten Karl Johan	Birkeland	Vigrestad Guri	Vigrestad	Aaby Bente	Gjeving
Sønnesyn Jostein	Oslo	Tynnøl Marit Hole	Lesja	Vik Bjørn	Suldalsosen	Aadal Helge	Hegra
Sønnesyn Olav	Voss	Tonseth Torill	Ålesund	Vik Inger Johanne	Porsgrunn	Aadland Bjarte	Sagvåg
Sørdal Liv Karin	Førde	Tørnes Kjell Jan	Drangedal	Vik Ottar Alvson	Risør	Aadland Britt	Nedstrand
Søreide Ingebjørg	Søreidgrend	Tørudstad Bodil	Breim	Vik Tore	Drobak	Aadland Herman Inge	Fitjar
Sørensen Madel	Bremnes	Tørå Torunn	Nedenes	Vik Vebjørn	Volda	Aadland Ole Agnar	Ølen
Sørensen Ole og Wenche	Storsteiness	Tosse Gunnar	Farstad	Vikane Elbjørg Ø.	Fitjar	Ådåndsvik Ragna	Rossland
Sørhagen Rolf	Valderøya	Ukjent	0	Viken Beate	Omastrand	Aadnanes Margot	Mosterhamn
Sørheim Arne O.	Norheimsund	Ukkelberg Solveig	Eidsnes	Vikesland Ingvar	Aurland	Aalbu Jorid	Oppdal
Sørheim Inge	Haus	Ullestад Knut	Hvittingfoss	Vikhagen Astrid Grøvan	Holum	Aalvik Gro Lid	Øystese
Sørheim Olav	Koltveit	Ulstein Inger	Volda	Vinsjansen Gerd	Vossestrand	Aalvik Harald O. og Sylvi	Børsa
Sørhus Turid	Levanger	Ulstein Torill	Brandal	Visnes Odd Magne	Lyngstad	Aalvik Steinar	Etne
Sørskår Thomas Lyse	Jørpeland	Ulven John	Hvalstad	Viste Marit E.	Røn	Aalvik Sverre	Grimstad
Søvik Edmund	Ilsfjorden	Ulvestad Randi Flem	Syklyven	Volland Bjørn Erik	Søgne	Åmdal Synnøve	Kristiansand S
Tangen Halvard	Gvarv	Undheim Karin og Paul	Molde	Volle Kari	Kaupanger	Åmlid Ivar	Tonstad
Tangen Ágot	Skulestadmo	Urdal Lillian	Randaberg	Volle Sverre	Sognadal	Aandstad Kari Gro	Arneberg
Terberg Aslaug	Molde	Urke Torbjørn	Ørsta	Værdal Liv Skogset	Inderøy	Anestad Sverre	Varhaug
Teige Alette	Nerlandsøy	Usken Reidun	Stavanger	Værlien Elizabeth Karen	Oslo	Aardal Kjell	Bjerkreim
Teigen Guri	Evanger	Utvik Kari Margrete	Torvastad	Våbenø Anne Karin	Tjøtt	Aarflot Andreas	Oppgård
Teigen Olav	Lærdal	Vada Marit og Laurans	Sparbu	Våga Leiv og Solveig	Bokn	Aarthun Endre	Stavanger
Telle Ingrid	Telavåg	Vada Rannveig	Heimdal	Vågsdalen Asta Blix	Euje	Aarvik Liv	Gjøvik
Tengsareid Gabriel	Bryne	Vadla Knut	Hjelmeland	Vaaje Guri	Egersund	Aasbu Alv Gunnar	Førde i Hordaland
Thelle Dag Steinar	41571 Göteborg, Sverige	Valen Solveig og Annfinn	Sagvåg	Vaaland Asbjørn S.	Hafrsfjord	Åse Signe Kristine	Hundvåg
Tho Olav	Hjartdal	Valland Gerd	Norheimsund	Vårbakken Magnus	Austreheim	Aasen Gunhild	Rollag
Thomassen Kjerstin Røstoen	Storebø	Valle Anna Kristina	Lindås	Wallace Ragnhild	Bergen	Aasen Inger Lind	Vassenden
Thormodsæter Randi og Jakob	Stord	Valle Tor	Treungen	Wang Hans Chr. Nygaard	Halden	Aasen Rita	Kristiansand S
Thorup Johannna	Rosendal	Vallestad Berta	Bovågen	Weibel Marie	Tananger	Åsgård Roald	Ostereidet
Thronsdæter Astrid Hakestad	Finnøy	Vallestad Solveig Bryhn	Viksdal	Wergeland Vettle	Hundvin	Aasgaard Reidar	Oppgård
Time Ragnar	Bryne	Valvatna Anna	Sagvåg	Wigdel Geir	Fjellhamar	Aashamar Ottar	Stranda
Tjeltveit Oddrun	Fister	Vang Anne Aalbu	Steinkjer	Wik Ingrid	Bergen	Aaslid Helga	Vigrestad
Tjemsland Bjørg	Erfjord	Vang Inger	Tromsø	Wingerei Hans Olav	Oslo	Åsvang Solveig	Baldersheim
Tjore Borgny	Sæbøvågen	Vangses Ella Marie Brekke	Fusa	Wollen Fredsmøy Solny	Stranda	Åtland Brit og Ellefsen Tor	Porsgrunn
Tjugum Inger Marie	Førde	Vannes Johann	Kolltveit				



Returadresse:
STILLE STUNDER
V/Rolf-Atle Rolfsnes
Bakken 2
5419 Fitjar



Herren er min hyrding,
eg manglar ikkje noko.
Han lèt meg liggja i grøne enger,
han fører meg til vatn der eg finn kvile.
Han gjev meg nytt liv.

Salme 23, vers 1-3.

Trykksaker

Brosjyrer - Bøker - Blad - Aviser
forretningstrykksaker- brevpapir,
konvoluttar m.m.

- Me hjelper dykk med utforming.

prøv oss

Sunnhordland

Tel. 53 45 00 00

NYNORSK ANTIKVARIAT AS
www.nynorskantikvariat.no

80.000

Bøker i hyllene

Holgata 2

Inngang Hotellkleiva
4900 Tvedstrand



NYNORSK
ANTIKVARIAT

Telefon
37 16 66 66

e-post:
tinging@nynorskantikvariat.no

60.000

Bøker på nettet

www.nynorskantikvariat.no

Ved Rondane

No seer eg atter slike Fjell og Dalar,
som deim eg i min første Ungdom saag,
og sama Vind den heite Panna svalar;
og Gullet ligg paa Snjo, som før det laag.
Det er eit Barnemaal, som til meg talar,
og gjer meg tankefull, men endaa fjaag
Med Ungdomsminne er den Tala blandad:
Det strøymer paa meg, so eg knapt kan anda.

Og kver ein Stein eg som ein Kjenning finner,
for slik var den, eg flaug ikring som Gut.
Som det var Kjæmpur spry eg, kven som vinner
af den og denne andre haage Nut.
Alt minner meg; det minner, og det minner,
til Soli ned i Snjoen sloknar ut.
Og inn i siste Svevn meg eigong huggar
dei gamle Minni og dei gamle Skuggar.

Tekst: Aasmund Olavsson Vinje, 1860

Melodi: Edvard Grieg